



Foto: Sigurd Egeland

## Dødens veg og Livsens veg

Misjonsarbeidet i Mali er prega av kontrastar. I delar av landet er det konflikt, og mange blir radikaliserert. Ein ven fortel frå heimstaden sin nær Boni i Mopi-regionen, om korleis mange av slektningane hans har vorte radikaliserert. Det er folk i området som trener folk opp i våpenbruk, seier han. Så sel dei våpen til dei som vil kjøpa. Samstundes hjernevaskar de folk ved å seia at *«dersom du drep nokon i uniform, er det heilag krig, og du kjem til himmelen. Dersom du drep sivile, har du drepe heidningar, og då er det heilag krig og du kjem til himmelen. Dersom du skulle verta drepen, er det heilag krig, og du kjem til himmelen»*. Min ven, som sjølv er ein lærd muslim, sukker. Han reiser ikkje lenger for å besøka heimtraktene sine. Slegtningane til min ven har vald ein veg prega av vald og død.

Parallelt med denne alvorlege situasjonen opplever me at fleire er opne for evangeliet som ein alternativ veg. Då Jesus vart fødd song englekoret: *«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»* Dei siste arbeidsåra har det kvart år vore nokre menneske som har vald Jesus sin veg, og har vorte døypte og fått eit nytt liv. For misjonen blant fulaniar i Mali er det nytt med årleg dåp. I september vart 4 personar døypt: éit ektepar, éin flyktning frå grenseområdet mot Burkina Faso, og ein ung, lærd mann som er barndomsven av bibelomsetjaren vår. Nokre kilometer utanfor byen dei vart døypt i, er det dei militante som regjerer. Ver med å be om vern og modning for dei nydøypte og om at endå fleire fulaniar i Mali må få følgja freden sitt evangelium.

Av: Frode Brügger Sætre



Illustrasjonsfoto Foto: NMS-info



Illustrasjonsfoto Foto: NMS-info

**Les mer om Mali og  
arbeidet på:  
[nms.no/finndinmenighet](https://nms.no/finndinmenighet)**

## **Hva gjør vi i Mali?**

I Mali retter arbeidet seg i hovedsak mot fulaniene, et nomadefolk med en sterk og stolt tradisjon. Vi har fokus på å formidle Jesu ord og gjerning på en forståelig måte som ligger tradisjonen nær og bruker tid på å bygge relasjoner til enkeltpersoner for å skape tillit og respekt. I vår måte å arbeide på ønsker vi å ta hensyn til alle sider av menneskers behov. Derfor er vi også engasjert i kampen mot omskjæring av unge jenter og i andre diakonale prosjekt

